



HØGSKULEN I VOLDA

Utkast til nye vedtekter,

Blir vedtatt av Studentparlamentet november 2020

Vedtekter for Studentprisen ved Høgskulen i Volda

Prisen

- § 1 Studentprisen vart oppretta etter vedtak i Studentparlamentet ved Høgskulen i Volda (den gong Studenttinget) den 24. februar 2010. Prisen skal fremje engasjement blant studentar ved Høgskulen i Volda.
- § 2 Studentprisen vert delt ut ved studiestart kvart år.
- § 3 Prisen er på 7500 kroner, og vert finansiert av Høgskulen i Volda.
- § 4 Studentprisen kan gå til både einskildpersonar og grupper, og kan verte delt på fleire vinnarar.
- § 5 Juryen for Studentprisen består av leiar for Studentparlamentet, ein frå rektoratet ved HVO, studiedirektør ved HVO, ein frå den administrative leiinga i SiVolda og eit styremedlem i SiVolda.

Prosess

- § 6 Leiar i Studentparlamentet har det overordna ansvaret for Studentprisen, og leiar juryarbeidet. Vedkommande set i gang nominasjonsprosessen, kallar inn til jurymøte når nominasjonsfristen er ute, og har ansvaret for å overrekkje prisen til vinnaren/vinnarane.
- § 7 Studentar og tilsette ved Høgskulen i Volda, og tilsette ved SiVolda, kan nominere kandidatar til Studentprisen.
- § 8 Framlegg til kandidatar må innehalde namn og kontaktinformasjon både for den som nominerer og den som vert nominert, saman med ei grunngjeving for kvifor nettopp denne studenten/desse studentane bør få prisen.
- § 9 Namnet på vinnaren/vinnarane av Studentprisen må vere klart seinast ei veke før offentliggjeringa av prisen ved opninga av nytt studieår.
- § 10 Arbeidsutvalet i Studentparlamentet oppnemner erstattarar dersom nokon av jury medlemene er inhabile eller ikkje har høve til å møte.

Kommentert [MA1]: Stroke ei setning om at den skal offentliggjeras i mai, sidan dette ikkje har vore praktisert dei siste åra, og vi har fått innspel frå HVO og SiVolda på at tidfesting ikkje treng å stå i vedtektene.

Kommentert [MA2]: Her føreslår AU å gå bort i frå tidlegare vedtekter som sa at Studentparlamentet skal velje ein studentrepresentant frå styret i SiVolda til juryen.

Kommentert [MA3]: Lagt til presisering om kven som leiar arbeidet.

Kommentert [MA4]: Stroke ei setning med datofesting av frist for nominasjon. Det treng ikkje stå i vedtektene, men kan setjast av juryen kvart år.

Kommentert [MA5]: Endra frå mai, jf. endringa i §2



HØGSKULEN I VOLDA

Kriterium for tildeling

§ 11 Den/dei nominerte skal vere eller ha vore student ved Høgskulen i Volda same kalenderår som prisutdelinga finn stad.

Kommentert [MA6]: Endra frå «vore student ved HVO seinast for eit år sidan». AU meiner vedkomande bør ha vore student same år.

§ 12 Ved tildeling av prisen skal det leggjast vekt på kriteria som er nemnde nedanfor. Ved tildeling må minst eitt av desse kriteria vere oppfylt.

Studenten/studentane har:

- ✓ Utmerkt seg særskild gjennom arbeid for eit godt studentmiljø, læringsmiljø eller betre studiekvalitet
- ✓ Brukt mykje av fritida si på aktivitetar som fremjar studentvelferd
- ✓ Vore med på å starte opp nye positive studentaktivitetar
- ✓ Vore aktivt med på å fremje Volda som studiestad.

Kommentert [MA7]: Lagt til etter innspel frå HVO

Kommentert [MA8]: Endra frå «fritida» etter innspel frå HVO

§ 13 Juryen avgjer kven av dei nominerte som har gjort seg mest fortent til prisen, og kårar ein eller fleire vinnarar. Avgjerda er endeleg.

§ 14 Juryen kan velje å ikkje dele ut prisen dersom dei manglar kandidatar som oppfyller kriteria.

Kommentert [MA9]: Føreslått som ny paragraf frå AU

Endring av vedtektene

§ 15 Vedtektene for Studentprisen er opne for endring ved to tredjedels fleirtal i Studentparlamentet.